



Norges Fiskarlag

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
	77/24	Eirin Kongestøl Espeland, 917 61 815	23.09.2024

Regulering av fisket etter brisling i 2025

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde sak i sitt møte 18.-19.09.2024, og gjorde følgjande vedtak:

Havbrisling

Styret meiner ein ved adgang til å fiske i EU-sona bør vidareføre reguleringsopplegget for 2023-2024.

Kystbrisling

Styret i Sør-Norges Fiskarlag meiner det er positivt at forskningstoktet dei siste åra har blitt utført tett opp mot oppstart av brislingfisket i Vestlandsfjordane og Trondheimsfjorden. Dette fører til betre samsvar i innsamla forskingsdata og observasjonar frå fiskarane.

Styret meiner at til tross for variasjon toktgjennomføring, innsamlingstidspunkt og tidsseriar, dannar likevel desse data betre grunnlag for kvotefastsetting enn dagens metode med tilråding ut frå median av fangst i 2002-2016. Styret ber om at det blir utarbeida ein oppdatert modell som tar utgangspunkt i faktiske toktdata.

Styret ber om ein vurdering av ei generell endring av dagens fredningsperiode til 1. februar – 31. juli, for å unngå dispensasjonssøknadar for dei enkelte fjordane. Fiskeridirektoratet har tidlegare uttala i dispensasjonsvedtak at eit begrensa fiske i januar på dei eldste årgangane er forsvarleg.

Styret vil peike på at ein finn det svært urimeleg at ein ikkje kan drive fiske med lys etter pelagiske artar inn til definerte elvemunningar, eventuelt 100 m frå dei definerte elvemunningane, så lenge ein ikkje får bifangst av laksefisk eller andre artar utover lovleg bifangst. Vidare er det også utfordrande med forskjellige begrensinger i dei forskjellige fylka og at denne informasjonen ikkje er å finne på til dømes Fiskinfo. Styret ser positivt på at Norges Fiskarlag no i haust har bede om møte med Miljødirektoratet om saka, då det er ei svært viktig sak for den minste kystflåten i vårt område.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Nord Fiskarlag, Fiskebåt

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.